



Vestland
fylkeskommune

«Kokebok» for utfisking i overbefolka ferskvatn av aure og røye



Foto: Sveinung Klyve

August 2025

Dette er utdrag frå Rådgivende Biologer sin rettleiar frå juni 2025 med praktiske tips for å komma i gang. Detaljerte fakta finn du i rapporten som ligg på nettsida til Vestland fylkeskommune.



Foto: Sveinung Klyve

Rettleiar for tynningsfiske
av aure og røye



Før du set i gang må dette vere avklart:

Er det vilje til å halde fram med vedlikehaldsfiske etter utfisking?



Er det utført prøvafiske, finst det fiskerapport ?


Kva er målet med fisket, sal av fiskekort, friluftsliv, næring m.m.

Kva fiskeslag er der . Aure, røye, anadrom fisk?

Er grunneigarar involvert ?


Kvar får du hjelp?

- Vestland fylkeskommune har ein årleg søkbar pott på kr 200 000 til utstyr. Garn, båt m.m. med søknadsfrist i februar kvart år. Meir info på nettsida: [Vestland fylkeskommune.no](http://Vestland.fylkeskommune.no)
Kontaktpersonar: Sveinung Klyve tlf. 95987501, John Anton Gladsø tlf. 48225890
- Det vert ikkje gjeve pengar til løn til fisket
- Det kan gjevast pengar til at godkjent fagperson utfører prøvefiske i vatnet
- Firmaet Innlandsfiske ved Ingebrigt Tveite kan gje råd om gjennomføring og leigast for å utføre fiske. Tlf. 97774518
- Andre stønadsordningar kan vera: Grunneigarlag, kommunen, organisasjonar som Gjensidige stiftelsen og Sparebank 1 stiftelsen m.m.



Innsats


- Kor mange garnnetter (= garn per natt) må til. Strandlinje oppmålt delt på 5.
- Tal meter strandlinje rundt innsjøen kan målast opp i Norgeskart. Eksempel under:
Vonavatnet ca. 6700 m strandlinje : 5 = 1340 garnnetter. Ved bruk av 50 garn vert dette 27 netter med fiske.
- Fisket bør gjennomførast i løpet av 2-3 år for å få god effekt.
- Jo raskare du oppnår rett tal garnnetter jo raskare effekt på fiskestorleik.



Plassering av garn og djupnekart



- Start med å fiske heile strandlinja rundt for å vite kvar det er mest fisk.
- Garn kan seinare konsentrerast der det er mest fisk. Gode plasser er ofte plassar med steinurer og vegfyllingar.
- Djupnekart er særleg viktig ved fiske av røye i anadrome vatn.
- Kan grovmålast med handhaldt ekkolodd frå båt og teiknast på kart av vatnet.



Strategi ved utfisking

- Garnnetter kan reduserast vesentleg ved aktivt fiske på gyteplassar om hausten og under fjærmyggklekking i april-juni (avhengig av høgde over havet).
- For aure utsetting av garn nær elv i gyteperioden på hausten.
- For røye utsetting av garn på kjende gyteplassar.
- Dersom det er androm fisk (laks og sjøaure) i vassdraget må ein avklara fisket med Statsforvaltaren. Fisket må då utførast slik at ein ikkje fangar anadrom fisk.



Foto: Sveinung Klyve



Eige «enkelt» prøvefiske

- Set ut 10 garn med ulike maskestorleik 13–24 mm (alternativt 5 fleiromfarsgarn). Set enkeltvis frå land og rett ut.
- Tal fisk og lengda på fisken for å finne rett garntype. Lengde i cm på fisken er mm på garn.
- 13 mm garn fangar altså 13 cm fisk.
- Det er lurt å utføre enkelt prøvefiske årleg for å fylgje med effekten. Må ha fisket same tid på året og garna på same plass.
- Med fleiromfarsgarn kan ein også påvise eventuelt ukjente fiskeartar

Garntype og utføring av fisket

- Garntype; 1,5 meter djupe botngarn er det vanlege, men flytegarn kan også vere aktuelt.
- Maskevidde 13–24 mm er mest aktuelt.
- Garn og utstyr brukt i andre vassdrag må vere tørre i minimum to døger eller desinfisert med VirkonS eller liknande før bruk.
- Garn kan eventuelt lånast hjå Ingebrigt Tveite.
- Ved fiske etter aure, set enkeltvise botngarn frå land og utover.
- Ved fiske etter røye, sett enkeltvise botngarn frå land og utover. Røya kan stå djupare og ein må då setja fleire garn i lenke utover mot djupna.
- Større uskada fisk bør setjast ut at. Dei gjer god nytte som «fiskespisar» av småfisk.



Foto: Sveinung Klyve

Vedlikehaldsfiske er viktig for å halde på effekten av utfiskinga

Vedlikehaldsfiske der ein fangar fisk med garn på 13-18 mm (2-3 år gamle) og matfisk med garn 26-32 mm

Tal garndøger kan no reduserast i høve til utfiskinga

Ein kan som regel aldri ta ut for mykje fisk i eit vatn

Vedlikehaldsfiske/hausting



Utstyr

- Stabil båt med motor (elektrisk fungerer fint) og årer i reserve
- Redningsvest
- Runde store stampar til garna med dreneringshol i botnen (f.eks. Biltema, Felleskjøpet).
Kan lagast av å dela 1 plasttønne i 2
- Gummihanskar



Illustrasjon: Gunvor Rasmussen

Statistikk

- Før statistikk over fangst per garn
- Talet på fisk og garn

Dato	Tal aure	Tal røye	Tal garn



Foto: Sveinung Klyve

Planlegg fisket

- Kven gjer kva?
- Når skal fisket utførast?
- Tilgang på båtar, mannskap
- Set opp arbeidsliste
- Utfisking frå 2-3 år
- Vedlikehaldsfiske årleg etter utfiskinga
- Død fisk kan brukast til dyrefor, teinemat eller gravast ned
- Tilrettelegging for matfiske



Når	Kven	Garn	båt	

Sal av fiske - garnkort

- Sal av kort på Vipps, Inatur evt. Lokal butikk
- Utleige av båt inkludert garn og redningsvest
- Viktig å få i gang fiske på matfisk i tillegg til utfiskinga



Illustrasjon: Gunvor Rasmussen



Foto: Sveinung Klyve

Eksempel på gjennomføring i Vonavatnet,

-utsetjing av 50 garn pr døger ei helg (= 100 garnnetter)

- 2 personar set garna fredag kveld
 - Trekking laurdag med 2-3 båtlag (eit båtlag = 2 personar) - arbeidstid trekking og uttaking av fisk i båten, arbeidstid teljing av fisk
 - Vi ser at det er viktig å ha det litt sosialt, og praktiserer å samlast etter arbeidet på laurdag til ein kaffikopp og noko å bite i
 - Etter pausen set 2 personar ut igjen garna på ny plass
 - Trekking og teljing på søndag - same som laurdag
 - Dersom 2 personar utfører fisket, vert fisken teke ut av garnet i båten og garnet sett ut att
 - Dersom ein har mannskap på land vert nokon av garna levert til dei for å ta ut fisken
-
- Tips frå Ola Kringlen, Øvre Naustdal utmarkslag